

Tull og fjas i Anitas boble


17.09.2011



Anita - ikkje berre tull og fjas

Blogging er in for tida og Uskedalen har ein bloggar som har hatt ein imponerande produksjon sidan ho starta i april.

Rett nok presiserar ho at bloggen stort sett inneholdt tull og fjas og at ein må kjenne henne for å få noko utav han. Men uansett er Anitas boble ei frisk oppleving for den som kjenner folk og tilhøve i bygda vår.
At bobla har slått an er det ikkje tvil om: Til no har 4300 vore innom! Og endeleg kjem eit kvalifisert overslag over kor mange som var på Aktivitetsdagen: Det var 26 000



Jaktliv under Nåso - berre tull og fjas

Men kven er så Anita? Ho presenterar seg sjølv som ei 41 år gamal dame som tuslar avgårde på livets landeveg i eit, til tider, ganske ujevnt tempo. Tuslinga fører henne frå Ytre Eik til Høylandsbygd der ho jobbar hos Eide. Men livbåtar tilfredsstillar ikkje hennar kreative sjel, særleg ikkje etter at sonen Stian Sebastian mista symjedagane sine på Husnes. Då fekk også

mor fleire ekstra frikveldar som ho måtte fylle med noko anna.
Og det vart altså ein blogg som er 'heilt utan mål og meinung'. Men det
bør leggjast til at det er ironi i det meste.
Anita Enæs har gjennom ei årrekke gjort ein innsats i lokalsamfunnet
vårt som i høgste grad har vore fylt av mål og meinung.
Til dømes har ho i 7 år vore heilt sentral i den imponerande jobben til
Aktivitetshusets Damevenner inklusive Aktivitetsdagen. og har funne på
både ålvor og skjemt. Ho har bore sjørøvarstuntet til dåpen for å nemna
noko. Men ho strekar under at ho er flinkare til å realisera enn til å finna på
noko.

Mykje av kreativiteten og kunnskapane sine har ho nok henta frå
pappa Øystein, som deltar i diverse stunts utan motforestillingar. Eit av dei
er det offisielle Eikmeisterskapet i plenklyppartraktorkøyring, som er
livleg skildra i bloggen. Både far og dotter er ivrige deltakarar i quiz i Uskedalen
og på Husnes og trimmar altså dei små grå utan stans.

Fantasi er eit nøkkelord i dette prosjektet og hos Anita kjenner den visst
ikkje grenser. I den siste reportasjen skildrar ho korleis ho no om dagen lever
eit villmarksliv under Nåso der ho har maur i trusa og granbar i håret og jaktar
på det meste som kjem forbi. Berre tull alt saman, men hikstande morosamt.

For Anita skriv godt, så godt at ho også burde få ein journalistisk karriere.
Men det avisar ho fordi ho ikkje er flink på smalltalk, hevdar ho.

Så inntil vidare må vi nøya oss med å slå opp i Anitas boble, som sikkert
vil inspirera fleire til å blogga.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Anita's bølle

Ein vakker draum...